

Emnerapport for våren 2022

Emnekode og navn: NOSPA101 Moderne norsk

Faglærers vurdering av gjennomføring

Praktisk gjennomføring:

Undervisningstilbodet var slik:

- 13 dobbelførelesingar gitt av fem lærarar + ein dobbeltime eksamensførebuing. Pga. samkøyring med NOSP102-F blei førelesingane strøymde, og det blei lagt ut opptak på Mitt UiB.
- 13 dobbeltimar oppgåveseminar, med studentane fordele på fire grupper, inkl. éi Zoom-gruppe. Seminara er obligatoriske ifølgje emneplanen, men pga. at situasjonen rundt epidemien var uavklart, blei dei gjort frivillige.
- Fire kvissar, der det var obligatorisk å gjennomføre tre (ikkje krav til prestasjoner, berre gjennomføring; automatisk tilbakemelding). Ifølgje emneplanen skal det leverast fire skriftlege oppgåver. Dette kravet er teke bort frå våren 2023 fordi vi ikkje har kapasitet til å gi tilbakemeldingar på oppgåvene. Dei blei derfor erstatta av kvissar dette semesteret. Det kom ingen innvendingar mot dette frå studentane.
- 121 korte videoar (på Vimeo med tilgang gjennom mitt UiB)
- Faglitteratur (bøker, noko på litteraturkiosken, litt på nettet)


Strykprosent og frafall:

Det var 114 oppmelde ved semesterstart. 90 gjennomførte obligatoriske oppgåver (kvissar). 81 møtte til eksamen (inkl. to som brukte ZNORD-kode). 68 fekk ståkarakter, 13 strauk (16 %). Fire av dei som strauk, hadde ikkje levert noko.

Frammøtet på førelesingane var svært lågt heilt frå semesterstart, men vi veit lite om kor mange som følgde førelesingane per strøyming eller opptak. Deltakinga på tre av seminargruppene var likeins svært svak, mens éi gruppe hadde noko betre frammøte.

Eksamenen (fire dagar heime) vert vurdert som enkel, og oppgåvene fokuserte på sentrale tema.

Karakterfordeling:



Studieinformasjon: Svært god.

Tilgang til relevant litteratur: God.

Faglærers vurdering av rammevilkårene

Lokaler og undervisningsutstyr:

Ikkje noko særskilt å melde.

Andre forhold:

Ikkje noko særskilt å melde.

Faglærers kommentar til student-evalueringen(e)

Metode – gjennomføring:

Det blei invitert til digital evaluering mellom undervisningsslutt og eksamen. Pga. den svake deltakinga i undervisninga la vi vekt på å spørsmål om deltaking og grunnar til manglande deltaking.

Oppsummering av innspill:

Berre ti studentar svarte. Fleire av dei ser ut til å vere utypiske ved at dei har delteke på det meste. Derfor fekk vi ikkje vite noko vesentleg om manglande deltaking. Når det gjeld kvaliteten på undervisninga, varierer evalueringane frå hard kritikk («Føler forelesningene er svært uengasjerende og tørre») til varme lovord («Utruleg flinke lærarar i Nospan101! Gode forelesningar!»).

Ev. underveistiltak:

Nei.

Faglærers samlede vurdering, inkl. forslag til forbedringstiltak:

Den store utfordringa er å få studentane til å delta. Svak deltaking frå semesterstart kan ikkje skyldast dårleg undervisning.

Lærestoffet på dette emnet er slik at aktive læringsformer er heilt avgjerande. Dei færraste studentar har berre måteleg utbyte av rein lesing og frammøte på førelesingar; dei må arbeide med oppgåveløysing for å tilegne seg forståing og ferdigheiter. Derfor er det framfor alt viktig med deltaking på oppgåveseminar, og det er derfor seminara er obligatoriske i normalsemester.

Mitt råd for framtidige semester er å satse sterkt på seminara og redusere talet på førelesingar (igjen). Dessutan kan det sjå ut til at det i høgre grad enn tidlegare er nødvendig at studentane får hjelp til å lære å lære. Dei fleste er nokså dyktige til å finne og framstille informasjon, men det skortar mykje på ferdighetene i å omdanne informasjonen til kunnskap.

Torodd Kinn, emneansvarlig